

Ope møte om bioenergi i Volda

Torsdag 17. januar har vi gleda av å invitere alle interesserte til

OPE MØTE OM BIOENERGI I VOLDA

Stad: Nyesalen, Volda samfunnshus

Tidspunkt: kl 19.00 – 22.00

Program

19.00: Velkomen og orientering om programmet for kvelden

v/ Ingrid Opedal, styringsgruppa/ arbeidgruppa i Frå kratt til kroner

19.10: Kort presentasjon av prosjektet ”Frå kratt til kroner”

v/ Kåre Kristen Totlund, prosjektleiar i Frå kratt til kroner

19.20: Kommunane si rolle i klima- og energispørsmål, informasjon om støtteordningar

v/ seniorrådgjevar Boy Kåre Kristoffersen, Enova

19.50: Bioenergianlegget i Stryn – bakgrunn og status

v/ Kjell Opheim, Stryn Energi

20.10: Pause med fingermat og kaffi

20.40: Bioenergi som næring – kva kan Innovasjon Norge bidra med når det gjeld finansiering

v/ Oddrun K. Trengereid, Innovasjon Norge

21.10: Planar for etablering av bioenergianlegg i Volda kommune

v/ Per Kåre Nasset, Volda Bondevarme SUS og Einar Oterholm, Energiregion Møre

21.40: Spørsmål m/diskusjon

22.00: Slutt



Auka bruk av bioenergi er eit viktig tiltak for å nå nasjonale klimamål om reduksjon av CO₂ i atmosfæren. Bioenergi er på bakgrunn av dette tema på det store møtet som vert skipa til på Volda samfunnshus torsdag 17. januar i regi av kulturlandskapsprosjektet Frå kratt til kroner. Målgruppa for møtet er administrasjon og politikarar i kommunane, planleggarar, byggherrar, driftspersonale, mogelege bioenergiaktørar og alle andre som er interesserte i temaet. Det vil blant anna blir presentasjon av planar for etablering av bioenergianlegg i Volda. Med støtte frå Innovasjon Norge er det utarbeidd eit forstudie som vert presentert på møtet. Målet er å starte det første bondevarmeanlegget i kommunen.

Kommunane si rolle

Når kommunane skal utarbeide energi- og klimaplanar og gjennomføre tiltak, er økonomiske støtteordningar viktige. Boy Kåre Kristoffersen frå Enova kommer på møtet for å informere om støtte til kommunal energi- og klimaplanlegging, nyetablering og infrastruktur til fjernvarme og lokale energisentralar. Kristoffersen vil snakke om kommunane sitt ansvar for energi og miljø, og på korleis vi bør planlegge langsiktig med tanke på infrastruktur/ fjernvarmenett og i samband med nybygg. Han vil også kome inn på Plan og bygningslova sine nye krav til energibruk.

Bioenergi som næring

Prosjektet Frå kratt til kroner har fokus på korleis ein kan få lønsemd i rydding av kulturlandskapet. I Vanylven kommune har tre gardbrukarar etablert firmaet Northun AS som leverar varme til sjukeheimen på Fiskå. Som råstoff blir det blant anna nytta virke frå hogst langs veg. Når det gjeld støtte til bondevarmeanlegg er det Innovasjon Norge og Bioenergiprogrammet deira som er viktigaste medhjelparen. Oddrun Trengereid frå Innovasjon Norge vil fortelje om kva dei kan bidra med når det gjeld finansiering. Ho vil i tillegg vise til andre eksemplar der gardbrukarar har etablert selskap som leverar varme til offentlige og private aktørar.

I Stryn er ein allereie i gang med bioenergi til oppvarming. Kjell Opheim frå Stryn Energi vil fortelje om bakgrunnen for anlegget, korleis det er organisert, kva type brensel som vert nytta, og om infrastruktur og økonomi. Presentasjonen deira vil danne utgangspunkt for ei økt med spørsmål og diskusjon.